



BARONIET ROSENDAL

PRESSEMEDDING:

Baroniet Rosendal sommaren 2020

Styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftelse vedtok 22. februar eit budsjett for 2020 på kr 35,4 millionar med ei forventa eigeninntekt frå drifta på kr 19,7 mill.

Denne svært høge eigenandelen i Baroniet Rosendal sitt driftsbudsjett gjer at museet er svært sårbart for svingningar i besøkstalet på grunn av ytre årsaker.

Då Norge vart råka av Korona krisa i midten av mars, opplevde Baroniet Rosendal umiddelbare verknader av denne i form avbestillingar av alle små og store tinga arrangement.

Dette betydelege bortfall av forventa inntekt, saman med dei nasjonale Covid19 restriksjonane, gjorde at museet vart tvinga til å halda all publikumsrelatert verksemder stengd i mai og juni.

På denne bakgrunn blei det i digitalt styremøte for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkronske Stiftelse 18.mai vedtatt eit revidert budsjett for 2020 med omfattande endringar.

I dette reviderte budsjettet er estimatet for eigne inntekter i 2020 redusert frå kr 19,7 mill. til kr 7,9 mill..

Dei dramatiske endra økonomiske vilkåra for drifta av Baroniet Rosendal saman med dei siste nasjonale retningslinjer for opning av kulturinstitusjonar vil sjølv sagt innebera ei drastisk endring det planlagte sommartilbodet .

Slottet frå 1665 og overnatting- og serveringstilbodet må i 2020 dessverre halda stengt. Utstillinga til den internasjonalt anerkjende samtidskunstnaren Olav Christopher Jensen, samt alle Riddersal konsertane og Shakespeare teateret er flytta til tilnærma same dato i 2021. Rosendal Kammermusikkfestival 2020 er som tidlegare meld flytta fram til sommaren 2022. Den praktfulle *Rosendal Have* vil som tidlegare vera open gjennom heile sesongen, og i perioden 5. juli til 9. august har Baroniet Rosendal glede av å kunne ynskje velkommen til forfriskningar og lettare servering i Hagecafeen i Kjøken & Urtehagen. I same periode vil også Besøkssenteret og Riddersalen vera open med infofilm om Baroniet Rosendal si historie samt ei digital omvising frå rom og salar på Slottet frå 1665. Det er også allereie igangsatt eit digitalt formidlingsprosjekt i sosiale media med ei rekkje føredrag av Jørn Øyrehaugen Sunde, professor i rettshistorie og forskar ved Baroniet Rosendal, samt etablering av eit virtuelt besøkssenter på Baroniet Rosendal si heimeside. Prosjektarbeidet ved museet held fram som planlagt, og i 2020 vil det bli realisert ulike bevaring - og museumsutviklingsprosjekt for til saman kr 12,5 mill..